

# Visitasforedrag

Hjelmeland, Fister og Årdal, 4. februar 2018

*Fungerande biskop, Anne Lise Ådnøy.*

|

Kva er det å vera kristen? Kva er det å vera kyrkje?

I dette visitasforedraget vil eg starta her. Med dei viktigaste spørsmåla på ein visitas. Ikkje med å telja aktiviteter, måla engasjement, snakka om strategi, visjon, frivillig medarbeidarskap, relasjon mellom kyrkje og lokalsamfunn, bygg og stillingar. Det siste er også viktig, og det har me snakka om – men det er ikkje viktigast.

Krafta i kyrkja kjem frå ein annan stad. Den kjem frå Gud! I kyrkja, så møter me, som Peter og Jakob og Johannes, Gud, i Jesus. Dette er ein heilag stad. For å leika med ord – ein stad me kan vera med heile oss – og ein stad der der Den Heilage, Gud, trer fram. I Ordet med stor O, i gudstenesta, i song, bøn rennande vatn, eit rundt kvitt brød og varm og vinen me deler.

Kyrkja er meir enn ein organisasjon. Ho er ein stad for liv, nåde, kjærleik, fellesskap og håp.

Midt i verda. På Hjelmeland, Fister og i Årdal.

Kanskje det beste spørsmålet for eit visitasforedrag kan vera dette: Kor i Hjelmeland, Fister og Årdal kan Kristus finnast? For kven? Og korleis? Kva betyr det? Betyr det noko for alle, eller for dei spesielt interesserte? Kva er det å tru? Me spinn litt vidare på preika – og flettar inn det me har sett denne veka på visitas.

||

Torsdag morgen kom 11 babyar trillande inn i kyrkja saman med mødrene sine.

Eg kunne sjå at dette var babyar som var omgjevne av omsorg. Me song om leik og kjærleik, om at dei små er uendeleg verdifulle, for oss og for Gud.

Babyar er gode kyrkjemedlemmar. Det er lenge til dei kan begynna som frivillige medarbeidarar, men dei er allereie der Jesus sette dei små – i sentrum.

Foreldra til desse ungane er i ein livsfase der det krev mykje bare å gjennomføra dagar og netter – men der tida går med til det viktigaste av alt – å ta vare på eit menneske.

Akkurat det skjer andre stader også. Eg var på omsorgssenteret på tysdag.

Ordførar Bjørn fortel at det er viktig for kommunen å leggja godt til rette for dei som treng ekstra støtte i denne delen av livet.

Eg høyrer òg om einskildpersonar som engasjerer seg langt over kva ein kan venta for å inkludera nye som kjem til bygda, slik at folk som blir verande på Hjelmeland fordi det er en god plass å bu. Her er det eit vell av lag og foreiningar som held menneske saman.

Samtidig skal me ikkje mala idyll over ein kvardag som også kan vera både grå og tung – og relasjonar som kan bera mykje smerte i seg. Babyar og foreldre veit meir enn godt nok at livet er vanskeleg. Og akkurat som verda kan vera så vakker som ho var torsdag føremiddag, snødekt og lys, så kan ho vera så grå og tung som regnet tidlegare i veka også.

Viss me skulle konkludert på kva eit menneske er ut frå korleis verda tenkjer, så ville verdien av menneske blitt ulik. Men det er her me gjerne vil gå til døypefonten, sjå inn i babyane sine ansikt og henta fram varmen i det

menneskelege fellesskapet – og ta fram kyrkja sitt hovudprosjekt – som er å formidla nåde.

Nåden er blikket og orda frå Gud som seier: Eg har ønska deg, forma deg, skapt deg, det er ei glede at du er til, dei siste orda om deg skal vera håp og nåde, det skal gå ei line frå du blei teken imot i dåpen til folk som kjende deg står i ring rundt deg og tek farvel. Du skal få møta Gud som både skapar og frelsar. Gud seier: eg har skapt deg – eg har skapt deg godt – eg vil bera deg gjennom livet og over grensa, inn i det ukjende, der vil eg ta imot deg.

Kyrkja er kyrkje når ho kler mennesket i Guds nåde, blankpussar menneskeverdet og let livet voksa opp frå røter det er godt å henta næring frå.

### III

Men for at nåden i Jesus skal bli tydeleg for oss, treng me gudstenester.

Gud er til stades overalt, trur me. Men me menneske har begrensa kapasitet til å ta inn. Me treng teikn, symbol, handlingar og fellesskap som tek våre liv inn i den store forteljinga om Gud, som viser at nåden gjeld oss. Me treng ei stille som venter på våre bøner, eit kor der vår stemme høyrer med. Me kan sjå oss rundt i kyrkjebenken og tenkja – ja, så menneskeleg kan ein kyrkjegjengar vera, her må det vera plass for meg og!

Mange er med å bidra til gudstenestene i Hjelmeland, Fister og Årdal. Over 60 frivillige medarbeidarar gjer teneste saman med prestar og kantor. Det aukar kvaliteten – og det gjer det synleg at kyrkjelyden har rom for ulike menneske.

Det kyrkjelege nærværet her er likevel mykje større enn gudstenester.

Hjelmeland, Fister og Årdal har eit levande musikkliv. Konsertar i kyrkjene gjev viktige opplevingar. Trusopplæringa har høg oppslutning, den planen tilsette og

sokneråd har samla seg om inneheld både gode tiltak som er sett i verk og svært gode idear barn og unge kan få mykje glede av.

Ulike kyrkjelege tilbod konkurrerer ikkje med kvarandre. Dei er uttrykk for at Gud finst på ulike stader og kan møta oss på ulike måtar.

Me kan ein nokre gongar bli freista til å samanlikna oss med andre – og sjå på det som er vanskeleg å få til. Det blir ein fort trøytt og mismodig av. På denne visitasen har me vore opptekne av å lyfta fram alt kyrkjelydane her får til – og det er ikkje lite. Det er samarbeid med Frukt og Laks på Fister, språkkafé i Årdal, overnatting i kyrkja for 11-åringar, nytt orgel, blomehelsingar, besøk til dei som nettopp har fått barn, prosjektkor, god drift av 9 kyrkjegardar og 4 velhaldne kyrkjer med jubileum på rekke og rad, aktive frivillige medarbeidarar, trivelege sokneråd, spennande opplevingar for konfirmantar og innbydande kyrkjekaffi.

I tillegg til ting de kjem på som eg ikkje har nemnt, lista er ikkje fullstendig.

Me ønskjer at kyrkjelydane skal ha fokus på kva som er viktig, kjekt og mulig. Frivillig teneste er ein fleksibel ressurs. Som blir større viss me får lov til å jobba med ting me er gode til og trivst med, som me ser som viktige – og mulige, og kanskje litt å strekka oss etter.

Dei fleste av oss har mykje ansvar på fleire område i livet, i arbeid, i familie og i organisasjonar. Men mange får og mykje til, viss ein får bidra med det ein passar best til. Sokneråda fører spennande samtalar om kva det er viktig å fokusera på akkurat nå.

## IV

Eit satsingsområde er sjølvsagt i kyrkja. Det er trusopplæring.

Me må heilt tilbake til 1969 for å koma til den tida der skulen tok ansvar for dåpsopplæring. Sidan då har kristendom, RLE eller KRLE vore eit kunnskapsfag, som skal gje elevane kunnskap om religionar og føresetnad for å orientera seg i det religiøse landskapet.

I 2003 vedtok Stortinget ei viktig satsing på trusopplæring – både i Den norske kyrkja og i andre trussamfunn. I kyrkja skal trusopplæringa gje alle døypte, mellom 0-18 år, uavhengig av funksjonsnivå, kunnskap om kristen tru og tradisjon, kjennskap til den treeinige Gud og hjelp til livstolking og livsmestring.

Dette arbeidet er kome godt i gang her. Tiltaka har god oppslutning. Det viser at dei fleste familiar gjerne tek del i kyrklelege tilbod. Men å følgja barn gjennom heile oppveksten er eit stort prosjekt. Når kyrkjelydane skal prioritera ressursar, trur eg trusopplæring er det beste de kan investera i.

Stillinga som trusopplærarar, med bitar av diakon og prostesekretær, er svært viktig for kyrkjelyden. Her må både fellesråd, kommune og sokneråd gjera sin del for at den som har denne stillinga får trivast. Eg ser at dei tilsette som er i kyrkja i dag er kreative, arbeider godt saman og får til mykje ut frå begrensa ressursar.

Stor takk til ein flott stab!

## V

Her i Ryfylke, i Rogaland og på Vestlandet treng me også å arbeida med innhaldet i trua. Kva bilete teiknar me av kva det er å tru og høyra til i kyrkja? Kva det er å vera kristen?

Me har ein rik tradisjon og gode kjelder å ausa av. Det gjeld også bedehuskulturen. Bedehusa har historiske røter i både reformasjonen og pietismen. Kanskje kan me seia at her på Vestlandet har reformasjonen blitt tolka gjennom pietismen.

Bedehusa har vore eit sterkt og radikalt uttrykk for likeverdet blant kristne og blant menneske. Alle som les Bibelen får direkte tilgang til Guds ord. Det kristne livet veks ut av nåde, men kan praktiserast i ansvarleg liv, kvar dag. I tru får vi veksa som menneske og høyra til i eit fellesskap som satsar på misjon og å dele trua.

Det er gledeleg at det finst levande bedehus og kristne organisasjoner i desse bygdene. Frå kyrkja si side ser me dette som eit viktig arbeid som bringer mykje godt med seg. Der bedehuset driv barne- og ungdomsarbeid, treng ikkje kyrkja oppretta konkurrerande verksemrd. Nyleg har 11 kristne organisasjoner, inkludert dei som pregar bedehusa her, gått saman om å laga ein ny plattform for samarbeid med kyrkja. Det er eit flott initiativ me ser fram til å følgja opp. Kyrkja vil gjerne samarbeida med organisasjonane.

Kyrkja har rom for ulike syn på fleire spørsmål, og sjølv om mange, også eg, gler seg over at par med same kjønn nå kan lova truskap og kjærleik til kvarandre i kyrkja, så finst det brei forståing for at nokre organisasjoner ser dette som ei utfordring ut frå tradisjonell bibelbruk. Nokre gongar blir dei som står for kyrkja sitt tradisjonelle syn med urette framstilt som mørkemenn – på same måte som dei som tenkjer som eg kan bli kritisert for manglende truskap. Eg trur me møter desse spørsmåla best med å lytta og at me lærer mest når me snakkar med «innestemme» og frå hjarta.

Me lever i samfunnet av dei heilage. Der me har ulike oppgåver og talent. Det er heilt i orden at nokre kyrkjemedlemmer gjer dei fleste av sine gode gjerningar i i

skulen, i eit bygdekvinneleg eller rundt frivilligsentralen, ikkje innafor ein kyrkjeleg organiasjon. Mange har omsorgsoppgåver som gjer at det blir ei hovudsak i livet. Men alle som er døypte inn i kyrkja har sin heim her, og skal få høyra: Dette rommet er ditt, her er du velkomen og rekna med. Og alle skal få høyra at å tena nesten er ei teneste for Gud.

## VI

Det går nokre år mellom kvar visitas. Neste gong det kjem ein biskop (eg håpar til og med meir enn ein fungerande biskop) hit – så ønskjer eg at kyrkjene her fortsatt skal –

Vera evangeliske kyrkjer. Der Guds nåde blir formidla raust og ope. Der gåvene frå Gud kjem før vi har fortent dei. Der det er tydeleg at himmelen er open for menneske av alle slag.

Eg håpar neste biskop òg vil finne gudstenesteglede her. At tradisjonen lever. At kyrkjemusikken framleis blomstrar, og at mange stemmer kling saman i song og liturgi. At trua kjem synleg til uttrykk som ei gavetil oss, i dåp og nattverd.

Eg håpar det bur minst like mange i kommunen som i dag. Minst like mange nasjonalitetar, med eit aktivt næringsliv, gode offentlege tenester, engasjerte lærarar – og eit organisasjonsliv som viser at me i Norge kan meir enn å finna fram til neste serie på Netflix.

Eg håpar barn og unge som veks opp her vil kjenne seg heime i kyrkja. At dei veit at dette er deira kyrkje.

Eg håpar kommunen framleis vil ha syn for kor breitt kyrkja bidreg til lokalsamfunnet.

Eg håpar det framleis finst eit godt blikk for livet utanfor bygda sine grenser, at kyrkjelydane framleis satsar på misjonsprosjekta sine.

Så er det så mykje anna. Eg håpar kyrkjebyggja vil halda seg i god strand, at sokna framleis vil vera godt leia administrerte, at både nye og gamle har meldt seg til å sitja i sokneråd. At me har gjort meir, både lokalt og globalt, med klimaendringar, så ikkje regnet tek oss heilt medan tørka tek dei fattige i sør.

Men mest av alt håpar eg at kyrkja framleis vil vera kyrkje. Ei bru mellom jord og himmel. Som mange finn vegen til, ofte eller sjeldan. Og at kyrkja framleis er folkekirkje. Ei kyrkje som blir rikare av at mange, på ulike vis, finn sin plass i rundt alterringen.

Kjære kyrkjefolk i Hjelmeland, Fister og Årdal: De er på rett veg!